




LEIK I SFO



Innhald:

- Lovheimel og innleiing s. 3
- Definisjon av leik s. 4
- Kvifor er leiken så viktig? s. 5
- Ulike typar leik s. 6
- Vaksenrolla i leik s. 7
- Barn som ikkje leikar s. 8

Innleiing og lovheimel:

Skulefritidsordninga er som midtre del av ordet seier, meint å være eit **fritidstilbod**. I ein travel kvardag med mange organiserte aktivitetar er det viktig å ta i vare barnet sin eigen kreativitet og gje tid og rom for å få fantasien til å blomstre. Her står leiken sentralt. Gjennom **leiken** utviklar barnet sosiale ferdigheter. Barn får i variert leik både fin- og grovmotorisk trening som stimulerer utviklinga generelt, samt bidreg til språkleg og intellektuell vekst.

Skulefritidsordninga er heimla i Opplæringslova. § 13 - 7 seier:

«Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for 1. - 4. årstrinn, og for barn med spesielle behov på 1. - 7. årstrinn.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår.

Areala både ute og inne, skal vere eigna for formålet. Skulefritidsordninga skal ha vedtekter om:

- a. Eigarforhold*
- b. Kven som er opptaksmyndigheit*
- c. Opptakskriterium*
- d. Opptaksperiode og oppseiing av skulefritidsplassen*
- e. Foreldrebetaling*
- f. Leike- og opphaldsareal*
- g. Dagleg opphaldstid og årleg opningstid*
- h. Bemanning og leiing*

Når skulefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vere leiar. Departementet kan gjere unntak frå kravet.

Kommunen kan krevje utgiftene til skulefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

For krav om politiattest gjeld reglane i § 10-9.

Kommunen kan nytte andre til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om skulefritidsordninga, dersom dei elles oppfyller vilkåra i denne paragrafen.

Kommunen fører tilsyn med private skulefritidsordningar.

Departementet kan gi nærmare forskrifter om skulefritidsordninga.»

Definisjon av leik:

- Mange psykologar og pedagogar har forsøkt å forklare kva leik egentleg er. Ein av dei mest kjende teoriar forklarar leik som ei førebuing til vaksen aktivitet; «gjennom leiken øver barnet inn dei viktigaste funksjonar det møter seinare i livet.» (Groos 1932)
- Frøbel (1826), hevda at : «Leiken er det høgaste frie punkt i den menneskelege utvikling i barnealderen, for den er det frie barnet sitt indre vesen.»
- Ein tredje oppfatning finn ein hos Schiller som sa at: «Mennesket er mest menneske når det leikar.»

Desse og fleire andre teoriar er ikkje definisjonar vi brukar i dag, men det vi veit med sikkerheit er at leiken er ein svært viktig faktor for utvikling hos barnet. Det er ingen klår definisjon, men leiken består av mange faktorar som påverkar utviklinga:

- Leiken har ein grunnleggjande betyding for barnet sin **kognitive** (intellektuelle) utvikling.
- Leik er eit viktig uttrykksmiddel for barnet. Leiken kan gjere det mogleg å utvikle seg **emosjonelt**. Det kan avreagere innestengde kjensler, i fantasiverden kan frustrasjonar få utløp på ein positiv måte.
- Leiken er svært viktig for barnets **sosiale utvikling**! Barnet lærar samhandling, tur-taking, utviklar språket, forskjell på rett og galt, å vise omsyn til andre, mm.....ganske enkelt; normer og regler for sosial åtferd.
- **Lyst og glede** står sentralt i leiken. Dette kan ein tydeleg sjå dersom ein vil ha barn med på ein leik som dei ikkje likar. Leik har positiv læringseffekt, når den er prega av lyst!
- Leiken er viktig for utvikling av **det skapande mennesket**. Gjennom rabbel og utprøving av ulike materialar der sjølve aktiviteten er målet, stimuler utvikling av teikneferdigheiter og andre skapande aktivitetar slik at målet etterkvart er blitt til resultatet.
- I leiken trenar og utviklar barnet **språket** sitt og evna til **kommunikasjon** med andre.
Leiken tener som trening både til å mestre kvardagen som barn og er med på å utvikle mestring i vaksenlivet!

«Jeg lekte med tanken. Det var den jeg lekte mest med. Jeg hadde ingen andre å leke med.» Lars Saabye Christensen

Kvifor er leiken så viktig?

Leik vart tidlegare av mange vaksne, også fagpersonar - sett på som «tøys og tull», og som uviktig. Som nemnd på s. 4 er ein no klar over at leiken har stor betyding for utviklinga til barnet. Det er ein indikator på at noko er galt eller ikkje stemmer når eit barn sjeldan eller aldri leikar. Det har blitt mykje fokusert på leik i barnehagane, og då skulestart i 1997 vart framskynda slik at 6-åringane starta i skulen, vart leiken i læreplanen ivareteke med eigne «skuletimar». No har desse timane måtte vike for auka fagfokus allereie frå 1. klasse.

I dag vil også mange barn bruke mykje av fritida si framfor TV, I-pad, mobil, og ulike tekniske spill. Dei treng også å bruke kroppen. I «Lær med kroppen - det sitter i hodet», tek forfattarane opp korleis bevegelse påverkar utvikling av hjernen. Når vi veit at leiken bidreg til språkleg, sosial, emosjonell, kognitiv, moralsk og motorisk utvikling blir det ekstra viktig at skulefritidsordninga gjev tid og rom for leik. Leiken utviklar kreativiteten og er ein viktig faktor for utvikling av barnet sin evne til problemløysing. Stillesitting har også bidrege til aukande problem med overvekt og/eller dårleg fysisk form også hos barn.

Eit barn vil for eksempel finne ut at dersom dei misser noko i bakken eller kastar den, vil gjenstanden kunne knuse, rulle bort, øydelegge underlaget, skade andre menneske eller sprette sin veg. Dei vil i leiken lære at det dei seier eller gjer førar til reaksjonar frå andre barn og vaksne. Dei ser at andre blir glade, lei seg, sinte..... og så vidare. Dei lærar å ta initiativ, bruke fantasien, skape ting og fortellingar, å lytte til andre, samhandle med andre og mykje anna.....

Også no når vi veit kvifor leiken er så viktig for barns utvikling - og ein generelt sett har eit meir positivt syn på leiken sin eigenverdi, er det dei som meiner at ein må bruke meir av tida både i barnehage og SFO til å fokusere på akademiske ferdigheiter. Sjølv om ein kan leike inn kunnskap, vil ikkje vaksenstyrt leik kunne erstatte verdien eller effekten av den frie leiken der barnet er den som tek initiativ og styring. Ulike formar for leik, vil ha ulike «mål» og effektar.

Ulike former for leik

Når vi snakkar om leik i SFO, blir ofte omgrepet **frileik** brukt. Dette illustrerer at leiken først og fremst er noko barnet opplever som glede fylt og som det gjer av eigen fri vilje og lyst. Leiken er på barnet sitt eige initiativ - anten dei set leiken i gong sjølv, eller blir med i noko som andre har starta eller inviterer til. Barnet tenkjer ikkje på kvifor det leikar, men er i «flyt». Det er berre tilstade i sjølve aktiviteten, og har ikkje noko mål om læring eller utvikling. Barnet har ingen oppleving av tid når det leikar, det kan gå heilt opp i aktiviteten. Noko av det fine med leik er at barnet kan gå inn i ei rolle der dei er mindre oppteken av å være flinke, dei tenkjer ikkje like mykje på «konkurransen» av andre og kan oppleve auka tryggleik.

Barns frie leik er ikkje styrt av krav og forventningar. Dei lagar sjølv reglane og tek kontroll og initiativ. Fantasien har gode vilkår når barnet kan la impulsivitet og egne idear bestemme innhaldet. Utvikling av sjølvstende, sjølvtrillit og sjølvoppleving har gode vilkår. I SFO skal det være rom for alle former for leik!

- **Rollebaserte leikar, kjenneteikn:** Spontan leik, der barnet tek på seg i rolle nesten som ein skodespelar. Mange av «skodespela» som barna skapar i rolleleik er ei førebuing til vaksenlivet. Barnet sine erfaringar er utgangspunktet for leiken. Inntrykk og opplevingar i dagleglivet, eller «kopiering» av film, innhald i bøker eller anna inspirasjon frå forteljingar barnet kjenner, blir utvida med eigen fantasi og skaparglede.
- **Regelstyrte leikar:** Det er eit mangfald av leikar i denne kategorien. Nokre av leikane krev plass og eignar seg best å leike ute, (ulike former for tikken, kanonball, slåball, paradiso, raudt lys.....,) andre blir helst brukt inne som brettspill, kortspill. Felles er eit fast sett av reglar som alle må «belite» seg på.
- **Konstruksjonsleikar:** Byggeleikar som lego, klossar, lage «hytte» med tepper ol.
- **Fysiske leikar:** hoppe tau, (kan også være regelstyrt m. bruk av faste reglar om tal på hopp, rim som skal seiast...) eller, stupe kråke, klatre i trær, disse.....
- **Samleleikar:** sortere, bytte fotballkort, serviettar, glansbilde, fine steinar....

Vaksenrolla i leik

Av og til inviterer barnet vaksne inn i leiken, anten fordi dei treng hjelp til noko eller som leikekamerat og deltakar. Når vaksne er med i leiken på barnets premissar, kan dei lære mykje om det enkelte barn. Alle barn treng å bli sett og få vist kven dei eigentleg er. I den frie leiken kan barn ikkje berre styrke vennskap med andre barn, men knyte nær og god kontakt med vaksne. For barn som av ulike grunnar «strevar i livet», kan leik der dei har teke med vaksne hjelpe til å forhindre konflikhtar mellom barn. Den vaksne har også ein fantastisk moglegheit til å bli kjent med kva som utløyser frustrasjon, sinne og sårheit hos barnet. Barn som manglar omsorg heime, kan endeleg oppleve å få tillit til vaksne. Når den vaksne blir invitert med i leiken, er det ein stor ære. Barnet anerkjenner den vaksne og viser at han/ho fortener tillit. Også når den vaksne berre observerer og viser interesse for det barnet er oppteken av, kan det bidra til å trygge usikre barn. Barn som strevar fagleg, kan vise styrker som den vaksne kan bruke for å byggje sjølvbiletet til barnet. Observasjon og deltaking i leik verkar førebyggjande på negativ åtferd. På denne måten kan den vaksne i SFO bidra til at barn som opplevast som «aggressive» eller «vanskelege» av andre barn, kan bli anerkjent og få (fleire) venner.

Vaksne kan støtte barn i leik ved:

- Å setje av tid til leik
- Være ein som set i gang leiken når barnet ikkje kjem i gong, og «lokke» barn til typar leik sei vegrar seg for
- Være ein som inspirerer ved å gjere fysiske grep i rommet
- Delta i leiken på barnet sine premisser
- Stimulere fantasien til barnet ved å lese eller fortelje noko
- Lære bort regelleikar som er i ferd med å forsvinne («inn til vegge», hoppetaureglar, kaste på stikka....)
- Vise interesse for- og gjere seg kjent med det enkelte barn i leiken
- Være ein rollemodell i leiken for dei som ikkje forstår dei «uskrivne reglane»
- Si ja og hjelpe/bidra når barnet inviterer inn i leik
- Bruke bevisst og tydeleg språk og hjelpe barnet til å finne eigne løysingar på «problem»!
- Auke barnet sin sjølvtilit ved å vise at den vaksne i leik, ikkje kan alt som barn kan!

Barn som ikkje leikar

Når barn ikkje leikar er det eit signal til dei vaksne om at dette er eit barn som treng hjelp og støtte. Det kan være ulike grunnar til det. Vi som veit kor viktig leiken er for barnet sin utvikling, må leggje til rette for at dei som ikkje kan leike, får lære det. Det er heile personalet sin oppgåve å sjå til at barna får hjelp til å meistre leiken. Og det er også alle tilsette sitt ansvar å sjå til at alle blir inkludert.

Barn som treng å lære å leike kan være;

- barn som ikkje har gått i barnehage og har hatt få å være saman med.
- barn som ikkje er vane med at nokon set grenser. Dei blir gjerne for styrande i leik, og vil bestemme alt.
- barn som manglar sosial kompetanse fordi dei har ein «diagnose».
- barn som blir utsett for omsorgssvikt. Dei kan være utrygge, tør ikkje stole på andre.
- barn som ikkje kan språket. Vi har etterkvart mange frå andre land i SFO.
- barn som høyrer eller ser svært dårleg.
- barn som har fysiske handikap.
- barn med psykisk utviklingshemming.

For å leike kan desse barna trenge:

- Trygge relasjonar til dei vaksne
- Engasjerte vaksne som er gode rollemodeller
- Omsorgsfulle vaksne som tør å SJÅ barnet og leike MED det
- Konkret hjelp til kva dei skal si eller gjere for å få innpass
- Klare rammer (god forklaring av dei ulike reglane i ulik leik)
- Tilrettelagt miljø
- Øving for å nå sitt nivå!

«Leken er nødvendig i et menneskes liv.» Thomas Aquinas